



Møteprotokoll

Utval:	Administrasjonsutval
Møtestad:	Sande rådhus, formannskapssalen
Dato:	02.06.2026
Tid:	kl 13.45 - 14.30

Desse møtte

Dag Vaagen
Einar Ekroll
Anne-Marte S. Beitveit
Olav Myklebust
Solveig Hagen Sandvik

Representerer

H
FRP
H
SP
FAG

Funksjon

leiar
nestleiar
medlem
medlem
medlem

Forfall

Wenche Bjørkeng
Edvard Inge Rekdal

Representerer

H
UTD

Varamedlem

Petter Gunnarstein

Representerer

FRP

Røysteføre: 6

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:
Renathe Rossi Aglen, kommunedirektør
Tove Cathrine Kvamme, fagleiar politisk sekretariat
Inga Dalen Slettestøl, økonomileiar

Til å lese igjennom møteprotokollen før vedtaksutsending vart Solveig Hagen Sandvik og Petter Gunnarstein valde

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/3070
PS 02/26	Godkjenning av protokoll	26/3070
PS 03/26	Referatsaker	26/3070
PS 04/26	Endring i ordninga med betalt matpause for tilsette i Sande kommune	25/828

Larsnes, 02.06.2026

Dag Vaagen
ordfører

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad

PS 02/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.

PS 03/26 Referatsaker

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

PS 04/26 Endring i ordninga med betalt matpause for tilsette i Sande kommune

Vedtak:

Administrasjonsutvalet tilrår:

- Matpause på dagtid: Sande kommune innfører ubetalt matpause (30 minutt) for alle tilsette som arbeider ordinær dagtid, der vilkåra for betalt pause etter AML/HTA ikkje er oppfylte (dvs. når arbeidstakar fritt kan forlate arbeidsplassen og det finst tilfredsstillande pauserom).
- Kveld/natt/helg: Det blir vidareført betalt matpause (20 min) i arbeid på kveld, natt og helg, der bemanninga er lågare og det etter praksis i regionen ikkje ligg til rette for reell fråvære frå arbeidet under pausen.
- Sikringsbestemmelsen (HTA 4.2.1): Tilsette omfatta av sikringsbestemmelsen i kontoradministrasjonen held fram med gjeldande ordning. Eventuelle framtidige endringar kan berre skje ved lokal semje om overgang mot økonomisk kompensasjon (kollektivt utkjøp). Kommunen har p.t ikkje midlar til slikt utkjøp.
- Reglement og retningslinjer: Kommunedirektøren vil i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane fastsetje reviderte retningslinjer for pause basert på drøftingane med organisasjonane og ROS analysane frå einingane.

Iverksetjing og medverknad: Ordninga blir sett i verk frå 01.08.2026 for alle tilsette på dagtid. For tilsette i turnus skal endringa innførast når det er hensiktsmessig med endring av turnus.

Evalueringsplan: Det blir gjennomført effekt og arbeidsmiljøevaluering før 2028.

Behandling:

Einar Ekroll bad om å få habiliteten sin vurdert, då han er i slekt med saksbehandlar - jr ForvL § 6 e) 2.ledd. **5 røysteføre.**

Einar Ekroll vart samrøystes vurdert som habil, og tok sete att. **6 røysteføre.**

Kommunedirektøren si tilråding fekk 4 røyster, og vart vedteke (H, Frp).
2 røysta i mot (Sp, Fagforbundet)

Kommunedirektøren si tilråding:

- Matpause på dagtid: Sande kommune innfører ubetalt matpause (30 minutt) for alle tilsette som arbeider ordinær dagtid, der vilkåra for betalt pause etter AML/HTA ikkje er oppfylte (dvs. når arbeidstakar fritt kan forlate arbeidsplassen og det finst tilfredsstillande pauserom).
- Kveld/natt/helg: Det blir vidareført betalt matpause (20 min) i arbeid på kveld, natt og helg, der bemanninga er lågare og det etter praksis i regionen ikkje ligg til rette for reell fråvære frå arbeidet under pausen.
- Sikringsbestemmelsen (HTA 4.2.1): Tilsette omfatta av sikringsbestemmelsen i kontoradministrasjonen held fram med gjeldande ordning. Eventuelle framtidige endringar kan berre skje ved lokal semje om overgang mot økonomisk kompensasjon (kollektivt utkjøp). Kommunen har p.t ikkje midlar til slikt utkjøp.
- Reglement og retningslinjer: Kommunedirektøren vil i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane fastsetje reviderte retningslinjer for pause basert på drøftingane med organisasjonane og ROS analysane frå einingane.

Iverksetjing og medverknad: Ordninga blir sett i verk frå 01.08.2026 for alle tilsette på dagtid. For tilsette i turnus skal endringa innførast når det er hensiktsmessig med endring av turnus.

Evaluerings: Det blir gjennomført effekt og arbeidsmiljøevaluering før 2028.

Møtet slutt kl 14.30.